



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Førde, 20.4.2015

Norges vassdrags- og energidirektorat
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo
nve@nve.no

Høyringsfråsegn – fem av sju søknader i Sognefjordpakken

Her kjem vårt syn på fem av søknadene i Sognefjordpakken. Dei to som ligg i Aurland, skal vere sende før. Denne fråsegna kjem diverre litt seinare enn den utsette fristen. Vi vonar likevel at NVE kan ta merknadene med i sine vurderingar.

Innleiande og generelle kommentarar

Kartet som følgjer denne høyringspakken viser at Sognefjorden mellom Lavik og Kaupanger frå før er omringa av vasskraftverk. Elvane som renn ned til fjordarmane er alle stader påverka, med unnatak for Arnafjorden, Finnavfjorden og den vesle Lånefjorden. Dei to fjordane på sørsida ligg nedanfor Stølsheimen landskapsvernområde.

Avrenninga til Fuglsetfjorden er redusert av kraftverka i Matre. Vik og Aurland har store kraftverk med reguleringar og overføringar. Det same gjeld i Høyanger og nedbørsfelt ovanfor Vadheim, og i Vetlefjorden. I tillegg er det mange søkjavarar som har fått konsesjon til mindre kraftverk, ved Fjærlandsfjorden og langs hovudfjorden.

I fleire av konsekvensutgreiingane som gjeld Sognefjordpakken, opplyser forfattarane at kunnskapen om naturverdiane og konsekvensane er middels eller gode. Rapportane byggjer i stor grad på opplysningar frå eksisterande databasar og raske synfaringar av dei som skriv. Ofte har turane gått om hausten, i september eller oktober. Innhaldet i databasane er gjennomgåande mangelfullt. Det har vore lite av systematiske registreringar, særleg i artsrike og dermed tidkrevjande naturtypar. Synfaringar seint på hausten, som grunnlag for fagrapportane om biologisk mangfold, gjev små sjansar til å oppdage mange planteartar og

ikkje høve til å registrere hekkande fugl. På vanskeleg tilgjengelege lokalitetar, i elvegjel og på bratte berg, har forfattarane sjeldan sett sin fot. Vi meiner det er grunn til å tru at influensområda innehold artar som ikkje er oppdaga.

Dersom NVE med dette grunnlaget likevel meiner at saka er godt nok opplyst, vil vi hevde dette: Med så omfemnande, nesten total, dekning av konsesjonar på førehand, tilseier den måtelege kunnskapen å legge føre var-prinsippet til grunn med stor tyngde. Dette standpunktet meiner vi òg har støtte i det faktum at ved mange av dei eldre utbyggingane, var svært lite kjent om kva for naturkvalitetar som vart råka. Ingen veit kva som har gått tapt, eller er svært innskrenka, av artar og leveområde ved dei inngrepa som ligg attende i tida.

Den nesten totale utnyttinga av vassfalla tilseier at dei samla påkjenningsane i distriktet er store. Når det i konsekvensrapportane står om artar som kan bli negativt påverka at det truleg finst andre leveområde som kan hyse dei, er vi usamde i det. Ei slik vurdering kunne vere rett for mange år sidan, men kan ikkje vere det med dagens tette frekvens av utbyggingsløyve. Rett nok er ikkje alle konsesjonane nytta av eigarane, men kor lenge det varer, veit ingen. Vi meiner difor at NVE må legge til grunn at den samla påkjenningsa på vassdragsnaturen i Sogn er stor, og at dette er ein god grunn til å avvise søknader som det kunne vere meir forsvarleg å godkjenne på eit tidlegare stadium i utbyggingssoga.

Tabellen som konsekvensutgreiingane legg til grunn for å setje verdi på biologisk mangfald og naturverninteresser er etter vår oppfatning streng. Det er berre få lokalitetar som kan oppnå stor verdi for naturtype, artar og vegetasjonstype, berre dei mest truga. Av artar er det berre om lag halvparten av dei kjende som har vore under vurdering for raudlista – resten er det for lite kunnskap om til å plassere i nokon kategori. Det er altså risiko for at artar som i realiteten er truga, fell utanfor vurderingane. Dette er mogeleg å løyse på ein forsvarleg måte ved at NVE ser på uttrykket middels konsekvens som eit relativt tungt argument mot å gje konsesjon.

Kråkelva kraftwerk

Inngrepa er i det vesentlege sterkt reduksjon av vassføringa i Kråkelvi i eit bratt fall frå kote 695 til kote 15, tørrlegging av ein godt synleg foss, regulering av Isvotni og 500 meter veg opp lia frå kraftstasjonen.

Søkjaren har ikkje forslag om minstevassføring. Kråkefossen vert med dette i praksis nesten borte, med unnatak for korte tider med store flaumar. Elvegjelet og fosseenga vert borte med den biologiske funksjonen dei har i dag. Fossen er eit viktig og godt synleg landskapslement. Det er opplyst at berre 3 av 17 viktige fossar er utan utbyggingsplanar i

området. Fagrapporten om natur og landskap har sett middels til stor negativ konsekvens for landskapet på grunn av tørr elv. Tydelege fossar held altså på å bli ei særsyn langs Sognefjorden, ein kunstig og naturstridig situasjon.

Det uvanlege ved dette småkraftprosjektet er reguleringa av Isvotni, om lag fem kilometer inne på fjellet. Dette inneber at det langstreckte INON-arealet sør for dei tidlegare regulerte vatna i Langedalen (utbygging til Høyanger) vert punktert og redusert med så mykje som 10 km².

Brekka kraftverk

Tre elvar går med for å gjennomføre dette prosjektet, med overføring av Bolstadelvi frå nord til Brekkevatnet, sperre for utløpet til Teigelvi og tapping til kraftstasjon ved Brekkelvi. 4550 meter er summen av påverka lengde i dei tre elvane, ei uvanleg strekning for å oppnå vel 12 GWh. Over ei lengde på 400 høgdemeter skal tilløpsrøyret etter planen ligge i dagen. I tillegg vert det større, synlege inngrep oppe i snaufjellet. Over 8 km² INON-areal går bort, over tre av dei i sona 3-5 km frå nærmeste inngrep. Også her vert ein synleg foss tørrlagd.

Dette vil vi karakterisere som ein dårleg søknad av den grunn at det skal uvanleg store inngrep til for å få vatnet til turbinen.

Langs Brekkelvi veks det ein del lågurtvegetasjon og varmekjære treslag, ask og alm. Det er tydeleg at jord og klima gjev vilkår for ein meir næringskrevjande og varmekjær vegetasjon enn det som elles er vanleg i distriktet. Vi er usamde i det som vert hevda i fagrapporten at andre elvar kan ta vare på verdiane som går tapt ved utbygging av Brekkelvi. Vi kjenner ikkje til at slike elvar finst, og det er heller ikkje dokumentert i fagrapporten. Mosefloraen er artsrik.

Det må etter vår oppfatning atskilleg større minstevassføring til enn det søkeren har framlegg om, dersom eit slikt tiltak skal dempe skadane nemneverdig.

Tura kraft

Staden er Seljedalen i Vik, ein dal med fleire elvar under jorda og to reguleringsmagasin frå før. Også i dette tilfellet vil søkeren før over vatnet frå ei grein av elva til inntaket, slik at den påverka elvestrekninga vert relativt stor. I tillegg til sjølve utbygginga, er planen å byggje ny veg opp gjennom skogen til inntaket, 634 moh.

Ei bekkekløft, tre fossesprutsoner – av dei ei stor, to høge fossar, berg og rasmark og naturbeitemark ved Grønsberg er verdifulle lokalitetar som misser sin funksjon eller vert sterkt påverka i negativ retning. Dette gjeld det meste av dei to elvestrekningane.

Elva er ein viktig del av heilskapen ve kulturlandskapet på Grønsberg. Dei to brukar er ikkje lenger i vanleg drift, men ein del nytta til beite. Som kulturminne er Grønsberg i ein eigenarta situasjon sidan der ikkje har vore jordskifte av innmarka. Ho ligg framleis med den gamle teigblandinga. Dette er, i lag med dei gamle bygningane, ein heilt uvanleg kvalitet i vår tid. Teigblandinga vil overleve om elva vert gjort om til ei røyrgate, men heilskapen av natur og kultur er etter vår oppfatning eit viktig trekk ved situasjonen.

Bekkekløfter og fossesprutsoner har i stor grad gått tapt som intakte naturtypar og naturfenomen. Den samla påkjenninga på denne naturtypen er stor. Artsinventaret er dårleg undersøkt, også i Tura. I ein slik situasjon taler føre var-regelen for å nekte utbygging. Detaljane i saka går elles fram av fagrapporten, og vi refererer ikkje dei her. For ei venta kraftmengde på 6,6 GWh er skadane på naturen etter vår oppfatning for store til å godkjenne søknaden.

TVK

Tre elvar vil søkjaren samle vatn frå i 500 meters høgde til kraftstasjonen ved sjøen mellom Feios og Fresvik. Langs elvane er det registrert tre område av rik edellauvskog, med alm, hassel og lind, vårt mest varmekjære skogstre. Vegetasjonen ved Vigdalselvi og Kolåselvi er gjennomgåande artsrik og frodig skog. Vigdalselva går i ei lang, delvis djup og godt markert, bekkekløft, der det òg er registrert mange artar som ikkje har stor utbreiing. Funna er omtala i fagrapporten. Etter vår oppfatning er elveløpa og skogen ved sida å sjå på som ein heilskap. Vert vatnet i elvane borte, eller nesten det, forsvinn ein dei naturlege kvalitetane. Påstandane i fagrapporten om liten eller ingen negativ verknad på den verdfulle skogen, er vi usamde i. Det er gode grunnar til å meine at i ein slik situasjon har vi å gjere med ein økologisk samanheng mellom dei elementa som har fått si plassering i ulike kategoriar ut frå ønskja om å systematisere naturen. Forvaltningsmåla for artar og naturtypar (nml. §§ 4 og 5) tilseier i dette tilfellet å seie nei til søknaden.

Dyrdalselva

Også dette prosjektet har fleire andre konsesjonar nær ved. Planen er å utnytte fallet nesten ned til sjøen, som også inneber at ein anadrom strekning er inkludert, med sjøaure.

Dei generelle opplysningane om vegetasjonen, lite næringskrevjande og vanleg, tilseier at moderate verdiar vil bli påverka negativt. Unnataket er den nedre og anadrome elvestrekninga. Sjøaure er ein art under stort press, og det faktum at elva kan vere levestad for ål, kritisk truga.

Ut frå dei opplysningane vi sit inne med, er Dyrdalselva det prosjektet som vil råke minst av uvanlege og spesielle kvalitetar. Vi har vanskar med å sjå at utbygginga har nokon nytte i samfunnet, men motstanden mot konsesjon er minst i dette tilfellet. Eit klart vilkår er likevel at utløpet frå kraftstasjonen vert flytta opp til eit punkt over den anadrome strekninga.

Konklusjon

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane meiner det er så mange kraftverk og så mykje påverka vassdragsnatur langs Sognefjorden at den samla påkjeninga mest truleg er i strid med forvaltningsmålet for artar og økosystem (nml). Lite sikker kunnskap om konsekvensane av både dei omsøkte prosjekta og tidlegare utbyggingar, tilseier ut frå føre var-regelen ei svært restriktiv tildeling av nye konsesjonar. Av større fossar er det så få igjen at dei er alle verneverdig. Vi meiner større minstevassføring berre vil bøte på skadane i nemneverdig grad dersom så mykje vatn får renne at det av økonomiske grunnar er unrealistisk. Situasjonen med overskot, og ikkje knapp energiforsyning, tilseier å legge større vekt på naturverdiane enn om landet hadde hatt knapt med straum.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane går difor i mot å gje konsesjon til noko av dei fem kraftverka det er søkt om. I tillegg til det som er sagt nedanfor, viser vi til omtalen av kvar elv ovanfor.

Dyrdalselvi, er truleg den minst skadelege, dersom kraftstasjonen vert flytta opp slik at den anadrome strekninga ikkje vert påverka. Kråkelvi og Brekka representerer begge store inngrep – Kråkelvi i inngripsfri fjellnatur og fosselandskap, Brekka ved at dei påverka elvestrekningane er så lange i delvis rik vegetasjon. Tura og TVK renn for ein stor del gjennom bekkekløfter, fossesprutsoner og ein rik flora, delvis av edellauvskog. Begge områda hyser sjeldne og delvis raudlista artar.

Med helsing

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Marit Vøyen Nes

- Sign -

Leiar

